



JULENATT

av Aina Basso

Seint på julekvelden går Hans ut på tunet. Natta er svart.
Snøen glitrar i skinet frå fullmånen.
Han synest han høyrer noko. Snur seg fort.
Den finaste jenta han nokon gong har sett, står bak han.

Ho ler mot han:

– Kom og ta meg!

Ho spring, og Hans spring etter. Føtene søkk djupt i snøen.

Det lange håret flaksar bak henne.

Ho stoggar då ho kjem til den store haugen.

– Blir du med inn?

Haugen løftar seg, og eit varmt lys stråler ut. Inne er bord fulle
av mat, vakker musikk.

Ho rekker ut handa.

Idet same ser han noko stikke ut frå skjørtet hennar. Ei kurumpe!

Han blir kald inni seg og ryggar vekk.

– Kva er det?

Ho smiler ikkje meir.

Hans spring heim så fort han kan. Låser døra godt bak seg.
Kjenner letta over at han slapp unna huldra og å bli fanga i
berget til evig tid.